



SHA-plan

Plan for sikkerheit, helse og arbeidsmiljø på byggeplassen iht. byggherreforskriften

Leiknes skule Utomhusarbeider

Revisjon	Dato	Skildring	Forfattar	Godkjend av
1.0	15.08.2019	Oppretta	Renate Fossdal Tveiten, Lindås kommune	



--	--	--	--	--

Innholdsliste

1 Innleiing.....	3
2 Orientering om prosjektet	3
3 Organisering.....	4
4 Framdriftsplan	5
5 Risikovurdering.....	6
6 Riggplan	7
7 Beredskapsplan.....	8
7.1 Handlingsplan ved alvorlig ulykke	8
7.3 Viktige telefonnumre på byggeplass/anleggsplass	10

1 Innleiing

SHA-planens føremål er å verne arbeidstakarane på byggje- og anleggsplassen mot farar gjennom at sikkerheit, helse og arbeidsmiljø vert ivaretatt i planlegging, prosjektering og ved utføring av bygge- eller anleggsarbeider.

Byggherren er ansvarlig for utarbeiding og oppdatering av SHA-planen.

Vedlagt ligger risikoanalyse av planlagt arbeid med sikte på å avdekkje element kan utgjere ei risiko under gjennomføring av utbygginga.

Aktivitetar med tiltak i høve til risikovurderinga må inkluderast i anbodsdokumenta, og kostnadene skal inngå i anbudet.

2 Orientering om prosjektet

Prosjektet omhandlar opparbeiding av eit skogsområde til eit utomhusområde/leikeområdei tilknytning til Leiknes skule. Området ligger i forlenging av fleirbrukshallen mot sør-aust. Det skal i første rekkje vere utomhusanlegg for skulen, men skal og tene som nærmiljøanlegg for skulekrinsen.

Utomhusområdet er i dag skog. Grunnarbeidet omhandlar fjerning av eksisterande vegetasjon, felling av trær, terrengforming med meir. Det skal opparbeidast og monteras ein sykkelbane, leikeløype, fallunderlag, grasareal, uteplass og gangveg. På eksisterande skuleplass er det opsjonar på utbygging av nokre leikeapparater og merking på asfalt, i tillegg til sykkelparkering.

Prosjektet er tenkt starta hausten 2019, og skal ferdigstillast i desember 2019. Skulen skal vere i drift i heile byggjetida.

Leiknes skule har vore rehabilitert dei seinare åra, fått ein ny flerbrukshall samstundes som at skulen har vore i kontinuerleg drift. Elevar og tilsette har i fleire år hatt ein byggjeplass rundt seg. Dette er ikkje ein ideell situasjon, og ein må difor gjere byggjeprosessen med utomhusområdet mest mogleg skånsam for skulen og drifta av denne.

HMS-arbeid vert svært viktig for at skulen skal vere ein trygg og god læringsarena for elevane. Omsyn til støv, avsperring/sikring av riggområde og byggjeplass vert nokre av dei sentrale punkta i HMS-arbeidet. Tilkomst via skuleplassen skal ikkje skje i skulen si opningstid, all tilkomst til byggjeplassen må gå via veg /parkeringsplass på nedsida av fleirbrukshallen.

3 Organisering

Lindås kommune står som byggherre, og prosjektet skal gjennomførast som ei totalentreprise.



Planen skal ferdigstillast når entreprenør er vald.

4 Framdriftsplan

Kva skal gjerast	Omtrentlege tidspunkt
Oppstart prosjektering	Uke 39
Oppstart byggjearbeider	Uke 40/41
Frist for ferdigstilling	2019

Det skal utarbeidast ein detaljert framdriftsplan for gjennomføringsfasen før byggjestart. I desse planane skal det settast av tilstrekkeleg tid til at sikkerheit, helse og arbeidsmiljø samt byggherrens krav til kvalitet kan ivaretakast.

Henviser til byggherreforskriftens § 8 pkt. b) «en fremdriftsplan som beskriver når og hvor de ulike arbeidsoperasjoner skal utføres, jf. § 5 andre ledd bokstav c, hvor det tas hensyn til samordning av de forskjellige arbeidsoperasjonene».

Det er byggherren som er ansvarlig for at planen oppdaterast fortløpande, men dette ansvaret vil overførast til totalentreprenøren i prosjekterings- og utførelsesfasen.

5 Risikovurdering

Risikoanalysane skal nyttast som grunnlag ved utarbeiding av sikkerheit, helse og arbeidsmiljø-planar for bygge- og anleggsarbeida, og som grunnlag for entreprenørens planlegging av sikkerheit og godt arbeidsmiljø under utføring av arbeida.

Sjå vedlegg.

6 Riggplan

Riggplan er vedlagt. Riggområdet er i dag ein asfaltert parkeringsplass.

Tilkomst til byggjeplass skal skje via veg på nedsida av Leiknes skule/Fleirbrukshall.

Tilkomst via skuleplassen skal ikkje nyttast. Dersom det ved eit enkelttilfelle skulle vere behov for tilkomst denne vegen, må innkjøring vere i samråd med byggherre og skulen v/ rektor. Fortrinnsvis skal leveransar denne vegen avtalast utført, og utanom skulen si opningstid.

Vatn kan påkøblast frå ei kumme rett ved riggområdet sjå på riggplan. Grunna prosjektets mindre størrelse og varigheit antas det at entreprenør ikkje treng å kople seg til avløp, men har toalett med egen tømning.

Strøm kan takast fra uttak på vegg eller luftlinje fra BKK-sjå markeringer på riggplan, - avhengig av kva behovet er.

Det skal føreliggje oppdatert riggplan når entreprenør har planlagt arbeidet og framdrifta. Denne skal godkjennast av byggherre før oppstart på byggjeplass.

7 Beredskapsplan

7.1 Handlingsplan ved alvorlig ulykke

FØRSTE TILSTADES:

Iverksetting av naudsynt livreddande førstehjelp:

BLÅ og **30:2** er to huskereglar.

BLÅ står for **Bevisstheit, Luftveier og Andedrett (pusting)**. Dette er essensielle funksjonar for kroppen; dei er heilt naudsynte for at vi skal vere i live. Viss **BLÅ** ikkje er i orden, er livet truga.

BH - (Hjarte – lunge - redning)

BH står for **Blås munn til munn og Hjartemassasje**. Det vil sei at du tar over pustinga og hjartefunksjonen for ein person som er livlaus.

30:2 står for forholdet mellom brystkompresjonar og innblåsingar når du gjer hjarte-lungeredning. Ein livlaus person er ikkje daud, men viss ikkje nokon straks tar over pustinga og hjartefunksjonen hans eller hennas, vil vedkommande døy i løpet av nokre minuttar.

Varsle Tlf. 113

Varsling skal innehalde:

- **KVEN** - Melders namn og firma
- **KVA** - Kva er hendt
- **KVAR** - Kvar har det skjedd
- **NÅR** – Når det skjedde
- **TELEFONNUMMER** – Eige og andre aktuelle

Leiar:

Ein leiar på stadet overtar organisering av hjelpearbeidet til profesjonell hjelp kjem. (ansvarshavande, formann, bas)

Dersom du er førstemann på staden skal du:

- Iverksette naudsynt førstehjelp
- Tilkalle ambulanse
- Varsle brannvesen dersom nokon sit fastklemmt.
- Tilkalle nødvendig hjelp.
- Sperre av skadestaden.
- Varsle arbeidsgjevar.

Ved alvorlige hendingar/ulykker gjeld følgjande informasjonsansvar:



- Det er politiet som skal varsle og informere dei pårørende til personar som er involvert i alvorlige ulykker eller hendingar.
- Ingen andre skal gi informasjon til pårørende før den er frigitt av politiet. Det er berre redningsmannskapet som kjem til ulykkesstaden som skal ha den informasjon dei ber om.
- Uttalar til pressen skal alltid koordinerast med leiinga.
- Leiinga skal vidare informere øvrige ansatte.



7.3 Viktige telefonnumre på byggjeplass/anleggsplass

Byggherre - prosjektansvarleg	Line Merete Valle	992 94 474
Byggherre-prosjektleder/byggjeleder	Linn Hagen	483 63 508

Etter kontrahering med totalentreprenør:

Totalentreprenør - prosjektleder

HMS-koordinator prosjektering

HMS-koordinator utføring

BAS/Entreprenør

SHA/KS-sjef

Hovudverneombod

Plassverneombod

Giftinformasjon 22 59 13 00

Arbeidstilsynet 81 54 82 22

Brann 110

Politi 112

Ambulanse 113